

Barnehagen, den viktige arenaen for leik og læring

18.02.2017



Mykje kjekt i Uskedal barnehage i januar og februar.

Vil du komma inn til oss i barnehagen vår? Lurer du på kva vi driv med i barnehagen?
Er det slik at dei vaksne «bare» passar ungar, og «drikk kaffi» medan borna leikar?
Du tenkjer kanskje at når barna byrjar i skulen, då byrjar alvoret, og der skal dei læra på ordentleg. I
barnehagen er det jo bare leik. ????? Eller?



Prosjekt Godis-maskin.

Ja du har jo litt rett då..... Barna leikar mykje i barnehagen, og dei vaksne passar på at barna har det bra, trygt og godt. Litt kaffi drikk personalet også, men det er mest i pausen.

MEN barnehagen er så mykje meir. Så kom, bli med oss inn i litt av barnehagekvarden vår her i Uskedalen barnehage.

Leik er ikkje bare leik. Gjennom leiken lærer barna. Dei får venner, og lærer dei sosiale spelereglane i samfunnet. Leiken er eigenmotivert, og frivillig. I leiken opplever barna mestring, og dei erfarer og lærer om verda kring seg. I leiken brukar barna språket aktivt, og lærer seg å kommunisera med omverda. Barna brukar fantsien sin, og kreativiteten sin. Dei utforskar, og forskar på små og store ting, mysterium og hendingar i kvarden gjennom leiken.

Dei vaksne i barnehagen er med. Dei lyttar til barna, snakkar med dei, støtter dei i det sosiale samspelet, hører på kva dei er interessert i, og legg til rette for den gode leiken. Det er jo ingenting som er så spennande som å lære meir om noko som ein er interessert i, eller så motiverande som å bli teken på alvor. Ut i frå barna sine interesser veks nye tema fram som ein arbeidar med i barnehage kvarden.

Tema/prosjektarbeid i barnehagen

Då lurer du sikkert på kva temaarbeid/prosjektarbeid i barnehagen er? Er ikkje ungane så «små» at temaarbeid er heilt bortkasta?

Nei då, ungane er ikkje for små til temaarbeide/prosjektarbeid. Kom her så skal eg vise deg dømer på kva temaarbeid/prosjektarbeid i barnehagen kan vera:

Bokprosjektet på småbarnsavdelinga vår

Før jul fekk ungane i Uskedalen barnehage nye bøker. Bøker er alltid stor stas. Ingenting er betre en å krypa saman i eit fang, å høre magiske eventyr og fine historier.

På småbarnsavdelinga vår er bøker noko av det barna likar aller best. Særskilt var det ei bok barna lika betre en dei andre: Nynorsk boka om Neikob og Jakob.

Med bakgrunn i barna si store interesse, og glede for bøker, starta avdelinga opp med temaarbeidet Jakob og

Neikob. Barna har arbeida med bok gjennom høgtlesing, leik, matlaging, forming, song, friluftsliv, og digitale verktøy.

Prosjekt «godis-maskin»

Ei anna gruppe i barnehagen var veldig interessert i å bygga, og konstruere. Personale fann ut at dette kunne ein arbeida meir med. Spiker, sag, hammar og plankar vart funne fram.

Kva ville barna lage..... Det vart diskutert både opp, ned og i mente. Teamwork, fantasi og kreativitet var iallfall ingen stoppar for prosjektet. Til slutt landa barna på at dei ville lage ein «godis- maskin». Tenk så praktisk. Då kunne ein jo få så mykje snop ein bare ville,,,,, i allefall på leik □

Mykje samarbeid, planlegging, diskusjonar, måling, teljing, kalkulering, og berekning vart til eit knallflott resultat. Snakk om realfag og teamarbeid på høgt nivå. Uskedalen barnehage hadde fått sin heilt eigne «snope-maskin».

Fugleprosjektet

Ei anna gruppe med barn i barnehagen vår hadde merka at fuglane hadde byrja lage så mykje lyd etter at sola var kommen attende til barnehagen vår.

Kvífor det? Kvar er eigentleg alle fuglane om vinteren? Bur dei i grotter i fjellet, eller i fuglehus? Kvífor er nokre fuglar små, og andre store?

Barna hadde tusen spørsmål, og tankar om fuglelivet. Her vart frøet til temaet/prosjektarbeidet fuglar lagt.

Barna har vore på fuglekikking, googla internett etter ulike typar fuglar, kikka på fugleprogram, lytta til fugleydar i bøker, og kikka på bilde. Ungane har laga fuglekasse, og vore på jakt etter ulike typar fuglar ute i naturen. Teikna fuglar, og songe om fuglar. Vi har lånt utstoppa fuglar som vi har i barnehagen, slik at barna riktig får studere dei på nært hold. Dette er eit tema som ingen av barna har gått lei av og vil nok halda på langt utover våren.

Kvardag og rutine

No lurer du vel på om vi bare arbeidar med teamarbeid/prosjekt i barnehagen?

Nei då. I barnehagen er det mykje leik, og mykje kvardag med faste rutinar.

Ja, ja i dei faste rutinane er det vel i allefall ikkje så mykje læring tenker du då kanskje?. Dei vaksne ryddar, lagar mat, handlar, og gjere andre dagligdagse gjeremål medan barna leikar.

Det stemmer nok ikkje heilt. I barnehagen deltek barna på alle gjeremål. Ein av dei kjekkaste tinga barna veit er å delta på planlegging, innkjøp og laging av eit måltid.

Mat er viktig, men også svært kjekt og lærerikt. Ungane likar å hjelpe til med matlaginga. Dei lærer om hygiene, og kosthold. Forskjell på festmat, og kvardagsmat. Det er kjekt å lage handlelister, og gå på butikken. Kor mange poteter treng vi til 18 barn? Kor mange liter vatn skal opp i gryta? Kor tungt er ein kilo? Matematiske omgrep blir innlært gjennom leik og kvardagsaktiviteter. Samarbeid, og det å vente på tur er ein del av dette. Hjelpe til med å lage maten, og dekke bordet er jo noko av det kjekkaste som finest synes barna.



Fugleprosjektet

Tradisjonane våre

Ein annan viktig del av kvardagen er tradisjonane våre.

Kva tradisjonar tenkjer du då kanskje? Kvifor er tradisjonar viktige?

Tradisjon og kultur heng saman. Tradisjonane våre skapar forventning, er identitetsskapande, bygger fellesskap og tilhørsle.

Barnehagane har sine eigne tradisjonar, kultur og eigenart. I vår barnehage er solfest/sol tog, og karneval to viktige tradisjonar som går av stabelen i februar/mars kvart år.



10/02/2017 01:03

Solfesten med masse fine soler!



Spar vart glad for alle dei fine solene.

Solfesten

Når sola kjem attende til barnehagen vår i byrjinga av februar, markerer vi dette med soltur. Våren med fuglar, blomar og varme er på veg attende til bygda vår. Tradisjonen tru laga barna soler i barnehagen. Alle solene er laga klare til sola kjem attende til barnehage vår.

Skal sei gleda, og jubelen står høgt når dei fyrste solstrålane kikka inn på leikeplassen. Solturen gjekk til sparbutikken i bygda vår. Bente på butikken spanderte i år, som så ofte før is på alle barna. Dette var stor stas.

Karneval

Med sola kjem og tida for ein av dei andre tradisjonane vår: Karneval.

Barna lagar instrument, lyttar til sambamusikk og planlegg kostymer i lange tider før den store dagen. Så var dagen endelig her. KARNEVAL.

Dagen vart sjølvsagt tradisjonen tru gjennomført med karneval tog inn på skulen, sambamusikk, dans, Pinjata og pølse med brød.



Karneval er GØY!

Lurer du fortsatt på kva vi driv med i barnehagen? Nei, det trur eg ikkje du gjere.
Barnehagen er ein viktig arena for leik, og læring.

Tekst og foto: Uskedal barnehage v/Ann Irene Sæle

Nett: Thor Inge Døssland